



Trondheim og Levanger, 28.05.2020

Olje- og Energidepartementet

[postmottak@oed.dep.no](mailto:postmottak@oed.dep.no)

### Omgjering av vedtak om forlenga frist for igangsetting av Ytre Vikna II vindkraftverk

Vi viser til NVEs vedtak av 07.06.2018 om utsetting av frist for igangsetting Ytre Vikna II vindkraftverk, deira ref: 201605858-8, etter søknad frå NTE Energi av 22.05.2018.

Vedtaket skjedde utan at det var gjenstand for offentleg høyring og prosess og vi ber OED å gjera om vedtaket, som vi ser som ugyldig.

Vi ser vedtaket som brot på energilova § 2.1 og naturmangfaldlova §§ 7 – 12.

### Saksgangen

Ytre Vikna vindkraftverk fekk første konsesjon 18.10.2004, og har seinare fått godkjend fleire endringar. Dei to siste endringane er vedtak om utsetting av frist for å setja Ytre Vikna II i drift:

- Vedtak 28.10.2015: frist forlenga til 31.12.2020
- Vedtak 07.06.2018: frist forlenga frå 31.12.2020 til 31.12.2024

Som grunngjeving for ikkje å sende NTEs søknad av 22.05.2018 på høyring, skriv NVE i vedtaket av 07.05.2018:

*«På bakgrunn av at søknaden ikke inkluderer tiltak som medfører endrede virkninger for omgivelsene, har NVE ikke funnet det nødvendig å sende søknaden på høyring.»*

I tillegg blir det oppgjeve tre veker frist for klage, men i følgje vedtaket skulle informasjon om vedtaket berre bli sendt grunneigarar.

### Våre vurderingar

Energilova § 2.1 stiller strenge krav til offentleg deltaking gjennom høyring før vedtak, men har eit unntaksvilkår: «Høyring kan unnlates når det finnes ubetenkelig.» Dette har NVE brukt i dette tilfellet. Vi ser det som feil å bruke prinsippet «ubetenkelig» i denne saka, og vurderer vedtaksprosessen til å vera i strid med § 2.1. I tillegg er vedtaket gjort utan vurdering opp mot naturmangfaldlovas prinsipp, slik § 7 uttrykkeleg krev at skal bli gjort for §§ 8 – 12.

### Utdaterte konsekvensutgreiingar

Så langt vi kan sjå, er alle vedtaka om endring/ utsetting baserte på konsekvensutgreiingar i samband med det første vedtaket om konsesjon i 2004. Det vil seia at NVE i 2018 gjorde vedtak basert på gamle konsekvensutgreiingar om naturmiljø frå 2000<sup>1</sup> og 2001<sup>2</sup>.

Fylkesmannen i Agder kommenterer spørsmålet om utdaterte konsekvensutgreiingar i sin uttale til Skorveheia vindkraftverk, MTA-plan og detaljplan, 31.01.2020:

*«Nasjonale og internasjonale føringer og krav om hensyn til naturmangfold i arealforvaltningen er vesentlig forsterket etter 2013. Regjeringen har tydelige forventninger om at dagens arealplanlegging skal baseres på oppdatert og best mulig kunnskapsgrunnlag.»*

*«Det at det har gått over ti år fra konsesjonssøknaden sendes og fram til idriftsettelse av anlegget, betyr at kunnskapsgrunnlaget som legges til grunn for slutt-behandlingen og den konsesjonsgitte utbyggingsløsningen kan være utdatert og mangelfullt.»*

Vi er samde i Fylkesmannens vurderingar, og vil i tillegg leggja til at sida 2000 har det vore lagt fram fleire utgåver av raudlister for artar og naturtypar. Fylkesmannen i Agder reagerer på 10 år gamle konsekvensutgreiingar. NVE gjorde i 2018 vedtak basert på 17-18 år gamle konsekvensutgreiingar.

### Samla påverknad

Etter at Ytre Vikna fekk konsesjon i 2005 og seinare i 2009, har det vore ei omfattande utbygging av vindkraft langs heile Trøndelagskysten. Situasjonen i 2018 var ein heilt annan enn den var i 2005/ 2009. Vi vil minne om naturmangfaldlova § 10:

#### **«§ 10. (Økosystemtilnærming og samlet belastning)**

*En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»*

### Endra kunnskapsgrunnlag, lovgrunnlag og nasjonal/ internasjonal politikk

NVE gjorde feil vurdering då dei brukte unntaksparagrafen i energilova § 2.1 til å ikkje å sende søknaden til ein høyringsprosess.

Situasjonen i 2018 var vesentleg endra, samanlikna med 2009, både når det gjeld kunnskapsgrunnlaget, lovgrunnlaget og nasjonal/ internasjonal politikk:

- Naturmangfaldlova vart vedteke 16.09.2009, mens konsesjonen var gjeve 13.03.2009. Nye vedtak skal bli vurdert opp mot gjeldande lov på vedtakstidspunktet. Då lovgrunnlaget var eit anna i 2015 og 2018 enn det var då konsesjonen vart gjeve i 2009, krev nye vedtak ny vurdering. Nml § 7 krev ei vurdering av §§ 8 – 12. Vedtak utan slik vurdering er ugyldige.

---

<sup>1</sup> YTRE VIKNA VINDMØLLEPARK. KONSEKVENSER FOR FUGL OG ANNET VILT, Per Gustav Thingstad m.fl. VITENSKAPSMUSEET RAPPORT ZOOLOGISK SERIE: 2000-5

<sup>2</sup> Konsekvensutredning for flora og vegetasjon – Ytre Vikna vindpark og nettilknytning, Kai Nybakk m.fl, Statkraft Grøner, Rapport nr.: SG 2000/101, 25.04.2001

- FNs berekraftsmål vart vedteke hausten 2015, og Noreg har forplikta seg til desse måla. Vi vil spesielt nemne mål 15, om livet på land. Tilsvarande har Noreg forplikta seg til Aichi-måla frå 2010 for biologisk mangfald.
- Konsekvensar for naturen vart ikkje vurderte opp mot dagens kunnskapsgrunnlag. Det kom mellom anna reviderte raudlister for artar i 2010 og 2015, og for naturtypar kom den første i 2015, med revidert utgåve i 2018.
- Det var i 2018 ei kraftig utbygging av vindkraft andre stadar i regionen, utbyggingar som ikkje hadde fått konsesjon, eller var planlagde i 2005/ 2009. Gamle vurderingar av samla påverknad var difor utdaterte, i den grad det i det heile var gjort slike vurderingar.

#### Manglande klagerett

Vedtaket om forlenging av frist for igangsetting vart ikkje offentleggjort slik at befolkninga, ut over grunneigarane, fekk vite om vedtaket. Klageretten vart dermed illusorisk.

#### **Våre konklusjonar**

Vi ber om at vedtaket om forlenging av frist for igangsetting av 7. juni 2018 blir omgjort, då vi ser det som ugyldig.

1. Vedtaket om forlenging av frist for igangsetting i 7. juni 2018 var ugyldig, då det både var brot på energilova § 2.1 og naturmangfaldlova §§ 7 – 12.  
Vedtaket må difor bli oppheva.
2. Hemmelegghaldet gjorde det i praksis ikkje mogleg å sende klage på vedtaket 7. juni 2018. Vi ser difor også vedtaket som brot på forvaltingslova.
3. NVEs prosess rundt vedtaket er brot på god forvaltningsskikk, og i praksis eit hinder for folkeleg demokratisk medverknad.

Vi ser fram til snarleg svar frå OED.

Med helsing

Naturvernforbundet i Trøndelag



Magne Vågsland, leiar

Norges Jeger og Fiskerforbund i Nord Trøndelag

Inga Saur

Leiar